

<i>Styre, råd utval m v</i> Styret	<i>Møtestad</i> Dønna	<i>Møtedato</i> 12.-13.februar 2009
Sak nr. 09/09	Høyringsuttale; Forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeare i sjøvatn 2009.	

Helgeland regionråd har mottatt høyringsskriv frå Nordland fylkeskommune. Høyringsfristen er sett til den 16. februar 2009.

Forskrifta gjeld tildeling av 65 løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeare i sjøvatn, medrekna 5 løyve til økologisk havbruk. I denne tildelingsrunden skal følgjande geografiske fordeling gjelde:

- 15 løyve til Nordland + løyve til økologisk havbruk som kjem uavhengig av geografisk fordeling.

Fiskeridirektoratets regionkontor står for tildelinga av geografisk fordelte løyve. Fiskeridirektoratet er klageinstans.

Forslaget representerer ei endring i søknadsprosessen ved at fylkeskommunane får ei rolle i tildelingsrunden i 2009. Fiskeridirektoratets regionkontor skal konsultere den aktuelle fylkeskommunen om næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen, og få vurdert kvar i fylket det er ønskjeleg med meir oppdrettsverksemd. Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast.

Det kan berre gjevast tilsegn til søkjarar som dokumenterer økonomisk evne til å betale vederlaget til staten og som planlegg drift på lokalitetar i kommunar med godkjent arealdel av kommuneplan.

Ved prioritering av søknader skal det særleg leggjast vekt på

a) om søkjar er ein mindre aktør i næringa

b) om søkjar vil leggje til rette for auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg

Regjeringa har i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 gjort greie for opplegget sitt for tildelingsrunden i 2009. Stortinget har behandla saka gjennom Innst.S. nr. 8 (2008-2009). Forslaget til ny tildelingsforskrift er utarbeidd på bakgrunn av desse dokumenta og er i samsvar med vedtaka i Stortinget.

Det blir understreka at kriteria ikkje utelukkar nokon frå å søkje, men det å oppfylle kriteria vil ha vekt i spørsmålet om søkjaren vil nå opp i konkurransen om løyva.

I tillegg inneheld utkastet til forskrift føresegner om blant anna vederlag, geografisk fordeling og gebyr for søknadsbehandling og ei nærare utgreiing om tildeling av løyve til søkjarar som ønskjer å drive økologisk havbruk.

Innstilling:

Havbruksnæringa er ei viktig næring for Helgeland, og denne tildelingsrunden vil medverke til auka verdiskaping på kysten. Gjennom tildeling av 15 nye løyve i Nordland bidrar ein til ei auka konkurransedyktig havbruksnæring. Havbruksnæringa vil få stabile og føreseielege rammevilkår innanfor ei miljømessig akseptabel ramme. Helgeland kysten er godt egna for havbruk og det er fleire lokalsamfunn som har havbruk som viktigaste næring. Mange kommunar har ledige lokalitetar som er godkjent i arealdel av kommuneplan, og alt ligg til retta for å styrkja/auka havbruksnæringa på Helgeland.

På Helgeland har ein og starta prosjektet "KOM OPP" som har som mål "Tilrettelegging for optimalisert verdiskaping innan akvakultur på Helgeland". Det er ser viktig at det er samsvar med tildeling av nye konsesjonar og det arbeidet som blir lagt ned lokalt.

Forslaget representerer ei endring i søknadsprosessen ved at fylkeskommunane får ei rolle i tildelingsrunden i 2009. Fiskeridirektoratets konsultasjon med fylkeskommunen vil innebære at fylkeskommunen uttalar seg om næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen. Fylkesplanen ligg som føring i utarbeiding og godkjenning av arealplanane i kommunane. Det er viktig at det er samsvar mellom satsingar/ retningar i dei ulike forvaltningsorgana

- Helgeland Regionråd meiner at det er feil å setja kriterier for minder aktørar i næringa på inntil 19 konsesjonar. Her må ein ha gått mykje lenger ned dersom ein ynskjer å prioritera små aktørane i kystsamfunna.

Konsesjonskostnadane er sett til kr. 8.mill, som blir fordelt på Staten med 5.mill og fylkeskommunen med 3.mill pr. konsesjon.

- Helgeland Regionråd meiner at konsesjons- kostnadane ikkje må oversige 5.mill og at dei tilfell kommunane der oppdretta er lokalisert.

Det er svært positivt at prioriteringskriterium legg vekt på:

- *Søkjjarar som vil leggje til rette for auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg.*

Det er desse aktørane som er viktige for kyst Noreg, det er her vi ser verdiskaping og som fører til arbeidsplassar i kystsamfunna.

- Helgeland Regionråd meiner at det bør øyremerkast konsesjonar til desse aktørane, og det må vurderast om ein ikkje skal ta bort konsesjonskostnad.

Kriterier:

Det må setjast krav til foreldingsgrad.

Øyremerka konsesjonar skal:

- a. Ikkje kunna seljast på den opne merknaden
- b. Ved endringar i foreldingsgraden bør konsesjonens kunna inndragast.

Vedtak: